



Møre og Romsdal fylke



Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	06.12.2007	FE: 2007/1221/EVSP/420.0	Eva Spirdal-Jacobsen, 71258083	25.03.2008

## Utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming Fråsegn ved høyring

Vi viser til forslag til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming lagt ut på høyring av Miljøverndepartementet den 6. desember 2007 med frist 15. mars. (jf. tlf. samtale med utsett frist til 25. mars.)

Møre og Romsdal fylke er av den oppfatninga at forslaget sin hovudintensjon om å sikra at planlegginga fører utviklinga mot eit meir universelt utforma samfunn, og om å fremje fysiske krav som skal takast omsyn til i planlegginga, vil gjere det lettare å nå samfunns mål innan for universell utforming. Strategien bør stille krav til samfunnsplanlegginga, arealdisponeringa, arkitektur, konstruksjon, produktutviklinga, informasjon med meir.

### 1.- Nasjonale mål for universell utforming

Universell utforming har blitt nytta både i politiske dokument, regelverk og faglege retningslinjer. Ut frå mangel på konkretisering, klargjering av innhaldet i universell utforming og tilråding av vidare forståing av omgrep, ynskjer Møre og Romsdal fylke ei tydeleggjering av mål og foreslår at følgjande blir inn teke i pkt. 1 andre setning: Produkt og "**fysiske**" og "**tekniske**" omgjevnader "**som utformast av mennesker**" og finner fram løysingar som kan brukast av alle "**utan behov for tilpassing og spesiell utforming**".

### 2.- Virkeområde og føremål

Det er viktig at alle sektorar innanfor den offentlege forvaltninga gjer sitt for å ta vare på omsynet til universell utforming i områda sine. Ut frå utkastet er Møre og Romsdal fylke usikker på om ein kommune kan krevje ein inngang utforma etter RPR for UU når ein vurderer ein inngang til bygg. Det bør komme tydelegare fram og eventuelt klargjere at rikspolitiske retningslinjer for universell utforming gjeld innanfor arealplanlegginga (MD sitt ansvarsområde - jf. rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging). Vi etterlyser rettleiingsmateriell som viser gode løysingar som tek vare på friluft-, verne- og antikvariske omsyn, og eksempelsamlingar med planføresegner som er både føremålstenlege og juridiske haldbare.

### **3.- Ansvarsforhold**

Kommunane er dei som vurderer kva for omsyn som skal vege tyngst i den enkelte plan. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) er ein del av den statlege styringa av arealpolitikken og er heimla i plan- og bygningslova, § 17-1. Sjølv om den kan gi grunnlag for motsegner, og leggast til grunn i planlegginga, er ikkje retningslinjer så konkrete som føresegner. Rettleiar med "bør" er ikkje verktøy ein kan vise til i føresegner til ein plan. Det blir vist til at kommunen har ansvar for å gjere både private forslagstillarar, planleggarar og utbyggjarar kjend med prinsippa om universell utforming. Det er viktig å presisere korleis dette skal gjennomførast økonomisk. Dei økonomiske konsekvensane av ansvaret som ligg i kommunen og fylkesnivået burde vore ein del av utgreiinga og lagt fram saman med høyringsforslaget. (jf. også pkt. 5).

### **4.- Krav til den kommunale planprosessen**

Møre og Romsdal fylke registrerer at retningslina er oppbygd på lik måte som dei rikspolitiske retningslinjene for barn og planlegging, med krav til prosess og involvering, samt krav til fysisk utforming. Møre og Romsdal fylke ser det som viktig å dokumentere vurderingane som blir gjort i planleggsarbeidet. Erfaringar frå RPR for BU er at det ikkje alltid kjem fram av saksframlegget om vurderingar som kommunen har ansvar for er gjennomført. Punkt 4 d) er derfor eit svært viktig punkt å ha med.

### **5.- Krav til fysiske utforming**

Erfaringa med bruken av rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging er at det er brukt for lite konkrete krav, som vanskeleggjer handteringa i praksis. Møre og Romsdal fylke foreslår at formuleringar som "planleggast utforma", "planleggast lokalisert" erstattast med "utforma" og "lokaliserer" og bruker formuleringar med "skal" og ev. "bør". Det same gjeld formuleringar som "i så stor utstrekning som mogeleg". Møre og Romsdal fylke ønskjer at punkta 4 og 5 blir stramma inn og konkretisert, om kriterium for lokaliseringa og utforming av planløysingar .

### **6.- Innsigelse og klage**

Møre og Romsdal fylke foreslår at det i pkt. 2.e) påpeikast at ... mogelegheiter for innspel og medverknad og "grunnlag for innsigelse og klage...". Møre og Romsdal fylke saknar skikkeleg grunnlag for å fremme motsegn ut frå rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.

Møre og Romsdal fylke er positiv til høyringsutkastet. Utover dette har ikkje Møre og Romsdal fylke vesentlege merknader til utkast til rikspolitiske retningslinjer for universell utforming.

Med helsing



Per Fredrik Brum  
Direktør Areal- og Miljøvernavinga



Jon-Ivar Eikeland  
Seksjonssjef